

Retningslinjer

Lokalt gitt eksamen ved vidaregåande skular
i Hordaland



Retningslinjer for lokalt gitt eksamen

Dokumentet gir retningslinjer for gjennomføring av lokalt gitt eksamen i Hordaland fylkeskommune og er utarbeida på bakgrunn av forskrift til opplæringslova og andre retningslinjer frå Utdanningsdirektoratet.

Dokumentet er oppdatert frå 2016-heftet og oppdateringane gjeld i hovudsak følgjande kapittel:

Kap. 4 – Skriftleg lokalt gitt eksamen

Teksten er oppdatert. Det er eksamenskontoret som no organiserer alle skriftlege lokalt gitte eksamenar.

Kap. 7 Munnleg og munnleg-praktisk eksamen for privatistar

Teksten er oppdatert.

Kap. 8 Studieførebuande fag med praktisk eller munnleg-praktisk eksamen

Det er lagt inn felles retningslinjer for praktisk eksamen ved studieførebuande utdanningsprogram, samt fagspesifikke føringar for programfag innan dei nye studieførebuande utdanningsprogramma Medium og kommunikasjon og Kunst, design og arkitektur.

Kap. 9 Gjennomføring av yrkesfagleg eksamen

- Tekst frå kap. 9 og 10 i 2016-utgåva er samla i eitt kapittel.
- Hudpleie Vg2 og Hudpleiar Vg3 er oppdatert i høve endringar som var gjeldande frå og med våren 2016.
- HUD (2004 og 3004) og FOT (2004 og 3004) for privatistar er oppdatert.
- Design og handverk (DH) og Restaurant og matfag (RM) er oppdatert.

Kap. 10 Tverrfagleg privatisteksamen på Vg1 yrkesfag

Retningslinjer er lagt inn.

Kap. 11 Klagehandsaming

Teksten er oppdatert.

Opplæringsavdelinga

Innhold

1. Innleiing	3
Om retningslinjene	3
Frå forskrift til opplæringslova §§ 3-30 – 3-32, lokalt gitt eksamen	3
2. Ansvarsfordeling	5
Opplæringsavdelinga	5
Regionane v/regionskoordinator	5
Skulane v/rektor	5
Friskulane	5
3. Vurderingskriterium	6
4. Skriftleg eksamen	6
5. Munnleg eksamen for elevar	7
Obligatorisk modell for alle fag med lokalt gitt munnleg eksamen	7
6. Munnleg-praktisk eksamen for elevar	8
Eksamensmodellar	8
Samfunnsfag	8
Realfag	8
7. Munnleg og munnleg-praktisk eksamen for privatistar	9
Generell del	9
Særskilt om fag med munnleg eksamen	10
Særskilt om fag med munnleg-praktisk eksamen	10
8. Studieførebuande fag med praktisk eller munnleg- praktisk eksamen	12
Praktisk eksamen	12
Medium og kommunikasjon (MK)	13
Kunst design og arkitektur (KDA)	14
Formgjevingsfag	15
Munnleg-praktisk eksamen	15
Idrettsfag	15
Musikk, dans og drama	16
9. Yrkesfagleg praktisk eksamen for elevar og privatistar	19
Kvalitetssikring av lokalt gitt praktisk eksamen for yrkesfag:	19
Gjennomføring av yrkesfagleg praktisk eksamen:	19
1. Generell del som gjeld for alle yrkesfaga:	19
2. Modellar for dei ulike faga:	21
10. Tverrfagleg privatisteksamen på vg1 yrkesfag	30
Ramme	30
Førebuing	30
Eksamenstid	30
11. Klagehandsaming	31
Klagehandsaming ved skriftleg eksamen	31
Klagehandsaming ved munnleg eksamen	31
Klagehandsaming ved praktisk eksamen og munnleg-praktisk eksamen	31
Vedlegg 1	32
Kommentarar til retningslinjene om munnleg eksamen (kap. 5)	32

1. Innleiing

Desse retningslinjene er utarbeidde for å få ei betre og meir eins gjennomføring av lokalt gitt eksamen i Hordaland. Gjennomføring av lokalt gitt eksamen skal bidra til:

- Å sikre at eksamen blir avvikla i samsvar med kapittelet om vurdering i forskrift til opplæringslova
- At elevane får vist kompetansen sin i faget
- At det er samsvar mellom elevane sine arbeidsmåtar gjennom året og korleis elevane blir prøvde til eksamen
- At elevane blir sikra mest mogleg kjende og likeverdige forhold ved eksamen
- At elever, føresette, arbeidsgjevarar og utdanningsinstitusjonar skal få påliteleg og gyldig informasjon om elevane sin kompetanse

Om retningslinjene

Desse retningslinjene gjeld for alle vidaregåande skular i Hordaland, både fylkeskommunale og private. Retningslinjene er bindande. Lokalt gitt eksamen er alle eksamenar som ikkje er laga av Utdanningsdirektoratet.

Retningslinjene er forankra i sentrale lover og forskrifter for gjennomføring av eksamen, læreplanverket for Kunnskapsløftet og erfaring frå fleire års arbeid med ulike prøveformer. Eksamen og vurdering i vidaregåande opplæring er heimla i kap. 3, 4 og 5 i opplæringslova og i friskulelova, og forskriftene til desse lovene.

Frå forskrift til opplæringslova §§ 3-30 – 3-32, lokalt gitt eksamen

Følgjande tekst er henta i si heilheit frå forskrift til opplæringslova:

§ 3-30. Lokalt gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Fylkeskommunen har ansvaret for gjennomføringa av alle lokalt gitte eksamenar. Faglæraren har plikt til å utarbeide forslag til eksamensoppgåver.

Kandidaten skal få vite kva fag han eller ho skal prøvast i, 48 timar før sjølve eksamen. Laurdagar, søndagar, høgtidsdagar og heilagdagar skal ikkje reknast med. Lokalt gitt munnleg eksamen med førebuingssdel skal ikkje gjennomførast på måndagar og dagen etter høgtidsdagar og heilagdagar.

Fylkeskommunen kan fastsetje at skriftleg eksamen, munnleg-praktisk eksamen og praktisk eksamen som er lokalt gitte, skal gjennomførast med førebuingssdel. Ved skriftleg eksamen, munnleg-praktisk eksamen og praktisk eksamen kan førebuingssdelen vere inntil to dagar og skal normalt ikkje inngå i vurderingsgrunnlaget.

Munnleg eksamen skal gjennomførast med førebuingssdel. Fylkeskommunen avgjer sjølv om privatistar skal ha førebuingssdel. Førebuingssdelen er ein obligatorisk skuledag dagen før eksamen, der alle hjelpemiddel er tillatne. Når førebuingssdelen tek til, 24 timar før sjølve eksamen, skal kandidaten få oppgitt eit tema eller ei problemstilling. Førebuingssdelen skal ikkje inngå i vurderingsgrunnlaget.

Rammene for eksamenen på eksamensdagen skal vere:

- skriftleg eksamen - inntil 5 timar*
- munleg eksamen - inntil 30 minutt per elev eller privatist*
- munleg-praktisk eksamen - inntil 45 minutt per elev eller privatist*
- praktisk eksamen - inntil 5 timar*

Lokalt gitt eksamen skal vurderast av to sensorar. Den eine sensoren skal vere ekstern. Den andre sensoren kan vere faglæraren til eleven. Faglæraren har plikt til å delta i vurderinga som sensor. Dersom det er usemje om karakteren, avgjer den eksterne sensoren. Som sensor ved lokalt gitt eksamen i

programfag i yrkesfaglege utdanningsprogram kan det også nemnast opp ein fagarbeidar med praksis frå arbeidslivet.

Ved eksamen som krev eksaminator, skal den eine sensoren vere eksaminator. Eksamineringa skal gi kandidaten høve til å syne kompetanse i så stor del av faget som mogleg. Under eksamen kan kandidaten prøvast i fleire relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av ein eventuell førebuingdel. I eksamenstida ved munnleg eksamen skal kandidaten presentere temaet eller problemstillinga som han eller ho har førebudd i førebuingdelen. Dersom det er usemje om kva kandidaten skal prøvast i, er det den eksterne sensoren som avgjer.

§ 3-31.Hjelpemiddel til eksamen

Eksamenen kan organiserast med eller utan hjelpemiddel. Utdanningsdirektoratet fastset kva for hjelpemiddel som er tillatne i kvart fag ved sentralt gitt eksamen.

Ved lokalt gitt eksamen etter § 3-30 femte ledd bokstav a, c og d fastset skuleeigaren kva for hjelpemiddel som skal tillatast. Dei tillatne hjelpemidla må ikkje svekkje grunnlaget for å vurdere kompetansen til eleven eller privatisten.

Ved lokalt gitt munnleg eksamen er notata til eleven eller privatisten frå førebuingdelen einaste tillatne hjelpemiddel.

§ 3-32.Særskild tilrettelegging av eksamen

Elevar og privatistar med behov for særskild tilrettelegging skal kunne få lagt forholda til rette slik at dei kan få vist kompetansen sin ut frå kompetansemåla i fag i læreplanverket. Tiltaka må vere tilpassa behova til eleven og privatisten så langt råd er.

Tiltaka må ikkje føre til at eleven eller privatisten får fordelar framfor andre som ikkje får tilrettelegging ved eksamen. Tilrettelegginga må heller ikkje vere så omfattande at eleven eller privatisten ikkje blir prøvd i kompetansemåla i fag i læreplanverket. Der det i kompetansemåla er kravd skriftlege, munnlege eller praktiske ferdigheiter, er det ikkje høve til å leggje til rette eksamen slik at desse ferdigheitene ikkje blir prøvde, når slik prøving er fastsett i eksamensforma for faget.

Rektor avgjer etter søknad kva for ordningar som skal nyttast for elevar. Avgjerda til rektor er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen. Rektor kan krevje uttale frå ein sakkunnig instans. Særskild tilrettelegging av eksamen krev ikkje vedtak om spesialundervisning.

Privatistar må leggje fram ein sakkunnig uttale. Fylkeskommunen avgjer kva slags ordningar for tilrettelegging som skal nyttast. Avgjerda til fylkeskommunen er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen.

2. Ansvarsfordeling

Opplæringsavdelinga

- Gjennomføre privatisteksamenar, inklusive oppnemning av sensorar.
- Legge til rette for at det blir gitt nødvendig informasjon til faglærarar/sensorar.
- Ansvar for utarbeiding av lokalt gitt skriftleg eksamen.
- Kontroll av heile eksamenstrekke. Gjeld både private og offentlege skular.
- Kvalitetssikring av lokalt gitt praktisk eksamen.

Regionane v/regionskoordinator

- Legge til rette for regional skulering ved behov, ev. i samarbeid med opplæringsavdelinga.
- I samarbeid med skulane fordele eksamensdagar på skulane i regionen.
- Medverke til fordeling av eksterne sensorar til skulane og etablering av sensorringar, ev. på tvers av regionane.

Skulane v/rektor

- Står for trekk av fag og parti og fordeler faga over dei dagane skulen har fått tildelt som eksamensdagar.
- Gjennomfører lokalt gitt eksamen for elevar, ev. i samarbeid med andre skular
- Sender brev til sensor om formell oppnemning.
- Legg til rette for at alle faglærarar og sensorar får nødvendig informasjon om dei fylkeskommunale retningslinjene.
- Faglærar utarbeider eksamensoppgåver for munnleg, munnleg-praktisk og praktisk eksamen til sine egne elevar. Oppgåvene blir utarbeidde både på bokmål og nynorsk, om det er elevar på skulen som har krav på det.
- Rektor har ansvar for at oppgåveforslaga er utarbeidde i samsvar med kompetansemål i læreplanen og med nasjonale og fylkeskommunale retningslinjer.
- Rektor avgjer etter søknad frå elev eller foreldre/føresette kva tilrettelegging som er nødvendig jf. [§ 3-32](#). Rektor kan krevje uttale frå ein sakkunnig instans.
- Faglærar som er foreslått som sensor, må vere ledig for sensoroppdrag.
- Skular som periodeles fag (ploging) og har lokalt gitt eksamen i desember eller januar, nemner sjølv opp sensorar og organiserer eksamen. Dersom skulen skal avvike lokalt gitt *skriftleg* eksamen i desse faga må skulen kontakte eksamenskontoret og gjere nærmare avtale om gjennomføring.
- Om ein elev byter skule, er det skulen eleven kjem frå, som har ansvaret for å informere om og arrangere ny, utsett eller særskild eksamen.
- Protokolltilførsel frå eksaminator eller sensor skal oppbevarast ved eksamensskulen i eitt år.
- Faglærar og sensor si rolle ved eksamen.

Friskulane

- Friskulane følgjer dei fylkeskommunale retningslinjene for gjennomføring av lokalt gitt eksamen.
- Alle punkt for skulane v/rektor gjeld og for dei frittstående skulane.
- Dei frittstående skulane deltek i regionalt samarbeid rundt eksamen og ev. sensorringar på tvers av regionane.

3. Vurderingskriterium

Vurdering har sitt grunnlag i vurderingskriteria. Kriteria må vere tydelege og relaterte til det elevane blir prøvde i til eksamen. Faglege krav tar utgangspunkt i kompetansemål og må sjåast i samanheng med lengda på førebuingstida, bruk av hjelpemiddel og utforming av oppgåva.

Elevane skal vere kjende med vurderingskriteria i god tid før eksamen. Skulen ved faglærer i det enkelte fag, har ansvaret for å informere elevane.

Eksamenskontoret legg ut vurderingskriteria for privatistar på sine heimesider <http://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/privatist/>.

4. Skriftleg eksamen

Lokalt gitt skriftleg eksamen blir koordinert av eksamenskontoret. Det er eleven sin faglærer som vanlegvis er sensor 1.

5. Munnleg eksamen for elevar

Obligatorisk modell for alle fag med lokalt gitt munnleg eksamen

(Sjå [vedlegg 1](#) bak i heftet for utdjupande kommentarar til retningslinjene)

Varsel om eksamen (48 timar før eksamen)

Eleven får varsel om kva fag han/ho er komen opp i 48 timar før eksamen. Høgtids- og heilag dagar skal ikkje reknast med i dei 48 timane. Det er ikkje naudsynt at faglærar er tilgjengeleg for elevane på sjølve trekkdagen.

Førebuingsdel (24 timar før eksamen)

Skulen skal planleggje og gjennomføre førebuingsdagen innanfor følgjande retningslinjer:

- Førebuingsdelen er ein obligatorisk skuledag mellom 4 og 5 klokke timar dagen før eksamen. Eleven skal vere tilstade på skulen og ha tilgang til ein faglærar. Dette bør helst vere faglæraren til eleven. Faglærar skal ikkje ha undervisning for dei elevane som er trekt ut til eksamen, men vere tilgjengeleg i skuletida for desse. Førebuinga bør vere rettleiande og hjelpe eleven til å sjå samanhengen mellom temaet/problemstillinga og læreplanen.
- Eleven får utdelt tema/problemstilling når førebuingsdelen startar. Ut i frå temaet/problemstillinga skal eleven førebu ein presentasjon som ho/han skal presentere under eksamen. Presentasjonen skal utgjere inntil 1/3 av den totale eksamenstida.
- Eleven kan bruke alle hjelpemiddel i førebuingsdelen.

Eksamen

Munnleg lokalt gitt eksamen skal ikkje gjennomførast på måndagar eller dagen etter høgtids-/heilag dagar.

Eksamen skal vare inntil 30 minutt per elev og gjennomførast slik:

1. Eleven presenterer temaet/problemstillinga som han/ho har arbeida med i førebuingsdelen. (Inntil 1/3 av eksamenstida).
2. Sensorane brukar presentasjonen som utgangspunkt for ein fagsamtale (eksaminasjon) med eleven. (Minst 2/3 av eksamenstida).

Eleven skal få høve til å vise kompetanse i så stor del av faget som mogeleg. Under eksamen kan eleven prøvast i fleire relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av førebuingsdelen. Sensorane skal leite etter elevane sin kompetanse, og ikkje den kompetansen dei ikkje har.

Hjelpemiddel under eksamen: Notat frå førebuingsdelen. I denne samanhengen inkluderer notat hjelpemiddel som er relevante for å gjennomføre presentasjonen som kandidaten har førebudd. Dette kan vere digitale hjelpemiddel (t.d. PowerPoint) eller andre verktøy som kan visualisere den munnlege presentasjonen. Dersom eksamen krev fleire hjelpemiddel enn dei som er knytt til førebuingsdelen, må skulen gje eleven tilgang til desse.

Vurdering

Eksamenskarakteren skal setjast på grunnlag av den kompetansen eleven syner under sjølve eksamen. Både presentasjonen og samtalen etter presentasjonen er ein del av eksamen. Alt som eleven gjer innanfor eksamensramma skal vere ein del av vurderingsgrunnlaget. Førebuingsdelen skal ikkje vere ein del av vurderingsgrunnlaget og notata som er utarbeida i førebuingsdelen skal ikkje vurderast i seg sjølv.

Det skal alltid vere to sensorar. Den eine sensoren skal vere ekstern. Det er vanleg at den interne sensoren er eleven sin faglærar. Faglæraren har plikt til å delta i vurderinga som sensor. Dersom sensorane ikkje er einige om karakteren, er det den eksterne sensoren som skal avgjere karakteren.

Rett etter eksamen skal eleven kallast inn igjen og få vite eksamenskarakteren sin saman med ei grunngjeving. Dette skal skje før neste elev tek til med sin eksamen.

6. Munnleg-praktisk eksamen for elevar

Eksamensmodellar

Eksamenstid: Inntil 45 minutt. Det er skulen sjølv som vel modell ut i frå følgjande to modellar:

1. Eksamen med lang førebuingstid (inntil 48 timar). Alle hjelpemiddel tillatne i førebuingstida.
2. Eksamen med kort førebuingstid (inntil 1 time). Eksamen skal gjennomførast med nærare definerte tillatne hjelpemiddel.

Modellar for programfag innan dei studieførebuingane programfaga idrettsfag og musikk, dans og drama er omtala i kap. 8.

Samfunnsfag

Følgjande fag har munnleg-praktisk eksamen:

Økonomistyring, økonomi og leiing, entreprenørskap og bedriftsutvikling 1 og 2, medie- og informasjonskunnskap 2.

Det praktiske innslaget består i å forklare/vise kva framgangsmåtar og metodar som er brukt for å løyse oppgåva.

Realfag

Lang førebuingstid (inntil 48 timar)

Geofag, informasjonsteknologi og teknologi og forskningslære

Desse faga skal ha lang førebuingstid på inntil 48 timar.

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Eksamen: Inntil 45 min.

- Eleven gjer greie for arbeidet med det trekte emneområdet og svarar på oppfølgingsspørsmål.
- Eleven blir eksaminert i andre, naturleg avgrensa emneområde i faget.
- Emneområda skal gi eleven høve til å få vist kompetansen sin i faget.

Hjelpemiddel under eksamenstida: Notatark frå førebuingstida, tabellar/formelsamling og digitale hjelpemiddel.

Biologi, fysikk, kjemi og naturfag

Desse faga kan ha lang førebuingstid på inntil 48 timar.

Kort førebuingstid (inntil 1 time)

Kjemi, fysikk, biologi og naturfag

Førebuingstid: Inntil 1 time

Oppgåve: Eleven trekker ei oppgåve frå eit naturleg avgrensa emneområde i faget.

Hjelpemiddel i førebuingstida: Alle hjelpemiddel, med unntak av hjelpemiddel som tillet kommunikasjon.

Eksamen: Inntil 45 minutt (inkludert tid til å utføre praktisk arbeid).

- Eleven gjer greie for arbeidet med det trekte emneområdet og svarar på oppfølgingsspørsmål.
- Eleven blir eksaminert i andre, naturleg avgrensa emneområde i faget.
- Det praktiske arbeidet skal integrerast som ein naturleg del av eksaminasjonen i anten det kjende eller det ukjende emneområdet. Emneområda skal gi eleven høve til å få vist kompetansen sin i faget.

Hjelpemiddel under eksamenstida: Notatark frå førebuingstida, tabellar/formelsamling og digitale hjelpemiddel.

7. Munnleg og munnleg-praktisk eksamen for privatistar

Den generelle delen gjeld alle munnlege og munnleg/praktiske eksamenar. I avsnitta «Særskilt om fag med munnleg eksamen» og «Særskilt om fag med munnleg/praktisk eksamen» er det presisert utdjupingar for nokre fag.

Generell del

Tid og stad

Tid og stad for eksamen blir publisert på sida di på <http://www.privatistweb.no>.

Legitimasjon

Du må ha med deg gyldig legitimasjon med bilde og personnummer. Eksempel på gyldig legitimasjon er pass, førarkort eller bankkort. Skulebevis er ikkje gyldig legitimasjon.

Oppgåve

Du trekkjer ei problemstilling eller eit emne som dekkjer fleire kompetansemål, slik at du får høve til å førebu deg på å vise kompetansen din i faget. Dette inneber at problemstillinga eller emnet skal vere tilstrekkeleg omfattande til at det vil vere naturleg å trekkje inn fleire delar av læreplanen under sjølve eksamineringa.

Det skal vere eit reelt trekk av oppgåver, alle kandidatar skal kunne trekkje blant minst tre alternative oppgåver.

Førebuing

På munnleg og munnleg-praktisk eksamen er førebuingstida normalt inntil 30 minutt. Alle hjelpemiddel, også slike som tillèt kommunikasjon, er tillatne i førebuingstida.

Førebuinga skjer på eit eige rom (saman med andre kandidatar). Du kan ikkje forlate rommet i førebuingstida. Det skal vere stille på førebuingsrommet og kandidatane skal ikkje snakke med eller forstyrre kvarandre. Du har sjølv ansvar for å ta med deg nødvendige hjelpemiddel og for at utstyret fungerer.

Eksamen

Munnleg varer inntil 30 minutt, munnleg-praktisk eksamen varer inntil 45 minutt. Eksamen tek til med ein presentasjon av resultatet frå førebuingsdelen.

Presentasjonen skal ikkje utgjere meir enn ein tredjedel av eksamenstida. Presentasjonen som du har førebudd skal vere utgangspunkt for vidare eksaminasjon slik at du får høve til å vise kompetansen din i faget. Alle kompetansemåla i læreplanen kan trekkjast inn under eksamen.

Det er den munnlege presentasjonen på eksamen som er vurderingsgrunnlaget, ikkje arbeidet du har gjort i førebuingstida.

Hjelpemiddel under eksamen

Du kan bruke notat frå førebuingsdelen. I denne samanhengen inkluderer notat hjelpemiddel som er relevante for å gjennomføre presentasjonen som kandidaten har førebudd. Dette kan til dømes vere digitale verktøy som PowerPoint.

Leseliste

I nokre fag må du levere leseliste før eksamen. Dersom du ikkje har levert leseliste, skal eksamenskontoret sitt forslag til leseliste brukast på eksamen. Frist for å levere leseliste finn du på eksamenskontoret sine nettsider på <http://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/privatist/>.

Avslutning av eksamen

Sensor og eksaminator skal vurdere kvar kandidat individuelt og setje karakter etter kvar kandidat. Du får vite karakteren med ein gong og skal signere på at du har motteke karakteren. Dersom du ønskjer det, kan du be om munnleg grunngjeving for karakteren.

Særskilt om fag med munnleg eksamen

Religion og etikk

Du skal levere leseliste innan fristen. Leselista skal vise kva du har valt frå læreplanen.

Engelsk og Framandspråk I, II og III

Du skal levere leseliste innan fristen. Leselista i engelsk skal innehalde eit fordjupingsemne.

Du trekkjer ein ukjend tekst som er knytt til ei problemstilling eller eit emne som dekkjer fleire kompetanssmål.

Eksamen skal gi deg høve til å vise kompetanse i lytteforståing, munnleg produksjon, samhandling, og samfunns- og kulturrelevant kunnskap frå målspråkområdet.

Norsk

Du skal levere leseliste innan fristen. Leselista i norsk munnleg på studiespesialiserande og påbygg skal innehalde eit fordjupingsemne.

Du trekkjer ein ukjend tekst som er knytt til ei problemstilling eller eit emne som dekkjer fleire kompetanssmål innanfor eit hovudområde og/eller tekstanalyse.

Du blir også eksaminert i andre oppgåver som kan kome frå alle hovudområde i læreplanen, inkludert det sjølvvalte fordjupingsemnet.

Særskilt om fag med munnleg-praktisk eksamen

Kjemi, fysikk, biologi og naturfag

Du skal utføre forsøk. Du finn liste over aktuelle øvingar på <http://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/privatist/>. I biologi 2 skal du utføre eller beskrive forsøk.

I kjemi 2 og fysikk 2 kan eksaminator velje å la heile eksamenspartiet gjennomføre den praktiske delen samla før den individuelle eksamineringa startar. Ved slike høve kan den individuelle eksamineringa vare i 20 til 30 minutt.

Geofag 1 og 2

Du skal ha med deg ei prosjektoppgåve innan hovudområdet i læreplanen som heiter geoforskning. Geoforskning er ein obligatorisk del av eksamen og prosjektoppgåva vil bli brukt som utgangspunkt for ein del av samtalen under eksamen. Tema for oppgåva må du levere til eksamenskontoret innan fristen.

Informasjonsteknologi og Teknologi og forskingslære

Ein førebuingssdel til eksamen blir lagt ut på eksamenskontoret sine nettsider inntil 48 timar før eksamensdagen.

Kroppsøving

Du må møte opp til eksamen i treningstøy. Garderobe vil ikkje vere tilgjengeleg.

Oppgåve og førebuing:

- Du trekkjer ei oppgåve som er relevant i høve til kompetansemåla i læreplanen i faget.
- Du skal planleggje trening der du viser dei grunnleggjande prinsippa for trening for å ivareta eiga helse og livsstil. Du skal levere arbeidet når du møter til eksaminasjon.
- Du gjennomfører delar frå førebuingstida under eksamen.

Eksamen:

- Eksamen kan starte med ei fellesøkt på omtrent 15 minutt inkludert oppvarming. Fellesøkta skal reknast som ein avslutta del av eksamen. Dersom eksamen startar med ei fellesøkt, blir førebuingstida og individuell del av eksamen på inntil 30 minutt kvar.
- Dersom eksamen ikkje startar med ei fellesøkt, blir førebuing og eksamen på inntil 45 minutt kvar.
- Du vil bli prøvd i minimum to idrettar og ein dans eller annan rørsleaktivitet samt nemnde treningsaktivitet. I samband med individuell idrett kan det i nokre høve bli aktuelt å nytte ein partnar dersom det er behov for motstandar.

Andre fag

Munnleg-praktisk og praktisk eksamen i programfag innan idretts- og formgjevingsfag, kunst, design og arkitektur, medium og kommunikasjon og musikk, dans og drama frå studieførebuande utdanningsprogram og frå yrkesfaglege utdanningsprogram kan ha fagspesifikke særpreg og avvike frå dei generelle reglane.

8. Studieførebuande programfag med praktisk eller munnleg- praktisk eksamen

Dei studieførebuande utdanningsprogramma som blir omtala her er:

- Medium og kommunikasjon
- Kunst design og arkitektur
- Studiespesialisering med formgiving

Utdanningsprogram for kunst, design og arkitektur erstatta studiespesialisering med formgivingsfag frå hausten 2016. Elevar som går på studiespesialisering med formgivingsfag, følger den gamle ordninga på Vg2 (2016-17) og på Vg3 skuleåret 2017-18.

- Idrettsfag
- Musikk, dans og drama

Praktisk eksamen

Her følgjer dei fylkeskommunale retningslinjene for praktisk eksamen som skal gjelde alle studieførebuande programfag. Vidare følgjer fagspesifikke presiseringar.

Førebuingsdel

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Kandidaten får utdelt tema/problemstilling/situasjonsbeskrivelse (case) som eleven skal arbeide med i førebuingstida. Kandidaten skal få tilbod om rettleiing i løpet av førebuingstida, men faglærer skal ikkje undervise kandidaten. Ekstern sensor skal ikkje vere tilstades i førebuingssdelen.

Førebuingsdelen skal normalt ikkje inngå i vurderingsgrunnlaget, jf. forskrift til opplæringslova § 3-30, 3. ledd: «... Ved skriftleg eksamen, munnleg-praktisk eksamen og praktisk eksamen kan førebuingssdelen vere inntil to dagar og skal normalt ikkje inngå i vurderingsgrunnlaget.»

Hjelpemiddel: Eleven kan bruke alle hjelpemiddel i førebuingstida.

Eksamen

Eksamenstid: Inntil 5 timar

Eksamensoppgåva som kandidaten får utdelt på eksamensdagen skal ha ein samanheng med temaet/problemstillinga/situasjonsbeskrivelsen (casen) som er gitt i førebuingssdelen. Sjølv om eksamensoppgåva skal ta utgangspunkt i det kandidaten har arbeidd med i førebuingssdelen, skal oppgåva vere ny for kandidaten på eksamensdagen.

Eksamensoppgåva skal utformast slik at kandidaten får utføre eit praktisk arbeid. Eksamen kan omfatte fleire ulike metodar som er naudsynte for å prøve i kva grad kandidaten har nådd kompetansemåla. Kva metodar som er mest hensiktsmessig, kan variere frå fag til fag. Døme kan vere dialog/samtale mellom kandidat og sensor under og/eller etter den praktiske delen eller ein skriftleg del.

Hjelpemiddel til eksamen: Dei tillatne hjelpemidla må ikkje svekkje grunnlaget for å vurdere kompetansen til eleven jf. forskrift til opplæringslova § 3-31, (2. ledd). Kandidaten må få god informasjon om kva hjelpemiddel som er tillatne før eksamen startar slik at eleven får mogelegheit til å ta med aktuelle hjelpemiddel til eksamen. Nærare informasjon om hjelpemiddel i dei ulike faga står omtala i dei fagspesifikke presiseringane nedanfor.

Vurdering: Eksamenskarakeren skal setjast på grunnlag av den kompetansen kandidaten syner under sjølve eksamen. I forskrift til opplæringslova § 3-30 sjuande ledd står det mellom anna at: «... Eksamineringa skal gi kandidaten høve til å syne kompetanse i så stor del av faget som mogeleg. Under eksamen kan kandidaten prøvast i fleire relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av ein eventuell førebuingsdel...»

På eksamen skal eleven få høve til å vise sin kompetanse i samsvar med læreplanen, og eksamenskarakeren skal gi informasjon om den individuelle kompetansen eleven har i faget, slik den blir uttrykt på eksamensdagen.

Det skal vere 2 sensorar. Den eine sensoren skal vere ekstern. Det er vanleg at den interne sensoren er eleven sin faglærer. Faglæraren har plikt til å delta i vurderinga som sensor. Dersom sensorane ikkje er einige om karakteren, er det den eksterne sensoren som skal avgjere karakteren.

Medium og kommunikasjon (MK)

Mediesamfunnet

Læreplan: <http://data.udir.no/kl06/MOK1-01.pdf>

Førebuingsdel:

Førebuingstid: 48 timar

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne

Eksamen:

Eksamenstid: Inntil 5 timar – todelt eksamen

Gjennomføring av eksamen:

Del 1 – inntil 3 timar: Praktisk oppgåve:
Eleven får ei praktisk oppgåve med utgangspunkt i førebuingsdelen. Faglærer og sensor observerer og kan stille spørsmål undervegs.

Hjelpemiddel:
Alle hjelpemiddel er tillatne i del 1

Del 2 – inntil 20 minutt: Presentasjon av arbeidet som er utført i del 1:
Eleven skal presentere arbeidet som er utført i del 1 og presentasjonen skal ta for seg prosess, produkt og refleksjon. Den munnlege presentasjonen skal gå over i ein fagsamtale om produkt og refleksjonar.

Hjelpemiddel:
Disposisjonsliste med stikkord og/eller bruke eit presentasjonsverktøy

Vurdering: Læreplanen i faget ligg til grunn for vurderinga.

Alle kompetansemål kan trekkast inn i vurderinga. Det er den kompetansen eleven viser på eksamensdagen gjennom det praktiske arbeidet, eleven sin presentasjon og samtalen med sensorane viser som skal ligge til grunn for vurderinga.

Medieuttrykk

Læreplan: <http://data.udir.no/kl06/MOK2-01.pdf>

Førebuingsdel:

Førebuingstid: 48 timar

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne

Eksamen

Eksamenstid: Inntil 5 timar – todelt eksamen

Gjennomføring av eksamen:

- Del 1 – inntil 3 timar: Praktisk oppgåve:
Eleven får ei praktisk oppgåve med utgangspunkt i førebuingdelen. Faglærer og sensor observerer og kan stille spørsmål undervegs.
- Hjelpemiddel:
Alle hjelpemiddel er tillatne i del 1
- Del 2 – inntil 20 minutt: Presentasjon av arbeidet som er utført i del 1:
Eleven skal presentere arbeidet som er utført på eksamensdagen og presentasjonen skal ta for seg prosess og produkt. Den munnlege presentasjonen skal gå over i ein fagsamtale om prosess og produkt.
- Hjelpemiddel:
Disposisjonsliste med stikkord og/eller bruke eit presentasjonsverktøy
- Vurdering: Læreplanen i faget ligg til grunn for vurdering. Det er den kompetansen eleven viser på eksamensdagen gjennom det praktiske arbeidet, eleven sin presentasjon og samtalen med sensorane som skal ligge til grunn for vurderinga.

Kunst design og arkitektur (KDA)

Design og arkitektur og Kunst og visuelle virkemidler

Læreplan design og arkitektur: <https://www.udir.no/kl06/KDA2-01>

Læreplan kunst og visuelle verkemiddel: <https://www.udir.no/kl06/KDA1-01>

Førebuingssdel

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne

Når førebuingssdelen startar får kandidaten utdelt eit tema og ein situasjonsbeskrivelse med kompetanssmål som dekkjer fleire hovudområder.

Kandidatane kan få inntil 2*10 minutt rettleiing av faglærer i løpet av førebuingstida.

Eksamen

Eksamenstid: 5 timar

Hjelpemiddel: Eige arbeid frå førebuingstida

Arbeidet frå førebuingssdelen kan brukast som grunnlag for eksamensoppgåva på sjølve eksamensdagen. Arbeidet frå førebuingssdelen skal samlast for seg sjølv i eiga mappe. Sensor får tilgang til førebuingssarbeidet, men det er kompetansen som eleven viser på eksamensdagen som skal vurderast.

Formgjevingsfag

Praktisk eksamen - Formgjeving

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Eksamenstid: 5 timar

Hjelpemiddel: Eige arbeid frå førebuingstida

Elevane får eit tema og oppgåvetekst med kompetansemål og vurderingskriteria. Det må vere minst eitt kompetansemål frå kvart hovudområde. Eksamensoppgåva skal vere utført på stempla papir. Arbeidet frå førebuingstida skal brukast som grunnlag for eksamensoppgåva på sjølve eksamensdagen. Arbeidet frå førebuingstida skal leverast for seg i eige omslag. Det er produksjon på eksamensdagen som blir vurdert på bakgrunn av arbeidet frå førebuingstida.

Munnleg-praktisk eksamen

Idrettsfag

Felles programfag:

Munnleg-praktisk eksamen - Treningsleiing 1 (privatistar)

Førebuingstid: 48 timar

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Kandidaten får utdelt førebuingstid 48 timar på førehand.

Eksamen: Inntil 45 min.

Eksamen skal bestå av praktisk gjennomføring og munnleg eksaminasjon knytt til den praktiske delen. Eksamenstida skal fordelast tilnærma likt mellom desse to delane. Ein skal her trekkje inn andre kompetansemål.

Munnleg-praktisk eksamen - Treningsleiing 2 og 3

Førebuingstid: 48 timar

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eleven får utdelt førebuingstid 48 timar på førehand.

Eksamen: 45 min, der 30 min. er til praktisk gjennomføring og 15 min. til munnleg eksaminasjon knytt til den praktiske delen. Ein kan her trekkje inn andre kompetansemål.

Eleven skal leggje fram skriftleg plan for gjennomføring av den praktiske eksamen i 2 eksemplar.

Eleven skal instruere andre i ein trekt idrettsaktivitet.

Munnleg-praktisk eksamen - Aktivitetslære 1 (privatistar) og aktivitetslære 2

Førebuingstid: 48 timar

Kandidaten får oppgitt kva idrettar/idrettsaktivitetar (innan skulen sine idrettar/aktivitetar) som kandidaten skal prøvast i til eksamen.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamen: Inntil 45 minutt.

Kandidaten skal vise ferdigheiter i minst ein idrett og minst to hovudområder. Den munnlege høyringa skal i hovudsak knytast til dei idrettane/idrettsaktivitetane som eleven blir prøvd i ved den praktiske delen.

Eleven kan også bli høyrte i andre idrettar/aktivitetar. Det vil bli stilt spørsmål i minst to av hovudområda i læreplanen. Alle kompetansemåla i læreplanen kan trekkjast inn under eksamen.

Munnleg-praktisk eksamen – Aktivitetslære 3

Førebuingstid: 48 timar

Oppgåve: Eleven blir prøvd i vald idrett/aktivitet (innan skulen sine idrettar/aktivitetar) og minst 2 hovudområde. I tillegg kan dei bli prøvd i andre aktivitetar.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida

Eleven får oppgitt kva idrettar/aktivitetar han vil bli prøvd i ved den praktiske delen av eksamen

Eksamen: Inntil 45 minutt

Den munnlege høyringa vil i hovudsak bli knytt til dei idrettane/aktivitetane som han/ho blir prøvd i til den praktiske delen, men eleven kan og bli høyrte i andre idrettar/aktivitetar. Det vil bli stilt spørsmål i minst 2 av hovudområda i læreplanen.

Programfag til val:

Munnleg-praktisk eksamen - Toppidrett 1, 2 og 3

Førebuingstid: 1 time (hovudregel)

Førebuingstida kan utvidast til inntil 48 timar dersom skulen vurderer at det er praktisk nødvendig.

Eleven trekker område/tema for praktisk økt.

Hjelpemiddel i førebuingssdelen: Ved kort førebuingstid er alle hjelpemiddel tillatne med unntak av verktøy som tillet kommunikasjon. Ved lang førebuingstid er alle hjelpemiddel tillatne.

Eksamen: 45 min., derav 10 min. til munnleg høyring som omfattar fleire av hovudområda. Eleven skal vise dugleik i spesialidretten, og kunne nytte og forklare element frå regelverket. Alle kompetansemåla i læreplanen kan trekkjast inn.

Munnleg-praktisk eksamen – Breiddeidrett 1, 2 og 3

Førebuingstid: 48 timar

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida

Eleven får oppgitt tema (idrett/aktivitet).

Eksamen: 45 min., av dette 10 min. til munnleg høyring som omfattar fleire av hovudområda.

Eleven skal vise dugleik i ein eller fleire idrettar/aktivitetar (lagidrett eller individuell idrett). I tillegg skal eleven vise dugleik i anten ulike leikeaktivitetar, rytmiske aktivitetar eller basistrening. Eleven skal også nytte reglar i dei trekte idrettane.

Musikk, dans og drama

A. Programfag i musikkdelen

Munnleg-praktisk eksamen – Musikk, dans og drama

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Faglærer kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamen: Inntil 45 min. Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla.

Munnleg-praktisk eksamen – Musikk

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Faglærer kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamen: Inntil 45 min. Elevane kan kome opp i ein av fylgjande kombinasjonar:

1. Mus.lære + Hov.instr. og Bi-inst.1
2. Mus.lære + Hov.inst. og Bi-instr.2
3. Mus.lære + Hov.instr. og Samspel

Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla.

Munnleg-praktisk eksamen – Instruksjon og leiing

Førebuingstid: 48 timar

Faglærer kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamen: Inntil 45 min. Eleven kan kome opp i anten:

1. Ensembleleiing. Eleven leiar ei gruppe medelevar eller heile klassen. Eller
2. Produksjonsleiing. Gruppeeksamen

Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla

Munnleg-praktisk eksamen – Instrument, kor og samspel 1

Førebuing: 48 timar

Faglærer kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne.

Eksamen: Inntil 45 min. Elevane kan kome opp i ein av fylgjande kombinasjonar:

1. Hov.instr. + Bi-instr.
2. Hov.instr. + Besifring
3. Hov.instr. + samspel

Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla

Munnleg-praktisk eksamen – Instrument, kor og samspel 2 - obligatorisk

Førebuingstid: 48 timar

Faglærer kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamen: Inntil 45 min. med framføring av repertoar.

Munnleg-praktisk eksamen – Musikk fordjuping 2

Førebuingstid: Ingen eller 48 timar

Faglærer kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamen: Eleven kan kome opp i:

1. Komponering – 5 timar skriftleg eksamen med eller utan førebuing
2. Gehørtrening – 3 timar skriftleg eksamen utan førebuing eller 45 min. munnleg-praktisk eksamen med eller utan førebuing
3. Formidling – munnleg-praktisk eksamen med 48 timars førebuing

Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla

B. Programfag i dansedelen:

Munnleg-praktisk eksamen – Musikk, dans og drama

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Faglærer kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamen: Inntil 45 min. Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla.

Munnleg-praktisk eksamen – Scenisk dans 1 og 2

Førebuingstid: 24 eller 48 timar

Faglærer kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamen: Inntil 45 min. Elevane kan kome opp til gruppeeksamen. Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla.

Munnleg-praktisk eksamen – Scenisk dans 3

Førebuingstid: 24 timar

Faglærer kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamen: Inntil 45 min. Eksamen blir gjennomført i grupper. Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla.

Munnleg-praktisk eksamen – Scenisk dans fordjuping 1 og 2

Førebuingstid: 24 eller 48 timar.

Faglærer kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamen: Inntil 45 min. Elevane kan kome opp til gruppeeksamen. Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla.

Munnleg-praktisk eksamen – Dans i perspektiv 1 og 2

Førebuingstid: 24 eller 48 timar.

Faglærer kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamen: Inntil 45 min. Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla.

Programfag i dramadelen

Munnleg-praktisk eksamen – Musikk, dans og drama

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Faglærer kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamen: Inntil 45 min. Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla.

Munnleg-praktisk eksamen – Teaterensemble

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Faglærer kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamen: Inntil 45 min. Elevane kan kome opp til gruppeeksamen. Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla.

Munnleg-praktisk eksamen – Teaterproduksjon 1 og 2

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Faglærer kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamen: Inntil 45 min. Elevane kan kome opp til gruppeeksamen. Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla.

Munnleg-praktisk eksamen - Teaterproduksjon fordjuping 1 og 2

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Faglærer kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamen: Inntil 45 min. Elevane kan kome opp til gruppeeksamen. Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla.

Munnleg-praktisk eksamen – Teater i perspektiv 1 og 2

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Faglærer kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamen: Inntil 45 min. Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla.

9. Yrkesfagleg praktisk eksamen for elevar og privatistar

I yrkesfaglege utdanningsprogram skal alle elevar ved Vg2 ha tverrfagleg praktisk eksamen (unntak Brønnefag og Flyfag). Her er det fleire moglege modellar, der det kan variere kor stort innslag eksamen skal ha av munnleg dialog/vurderingssamtale og ev. skriftleg innslag.

Kvalitetssikring av lokalt gitt praktisk eksamen for yrkesfag:

Kvalitetssikringsnemnder:

Faglærarane utarbeider forslag til eksamensoppgåve til lokalt gitt tverrfagleg praktisk eksamen. For å kvalitetssikre oppgåvene som skulane har laga, har opplæringsavdelinga v/eksamenskontoret etablert kvalitetssikringsnemnder innan dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Forslaga til eksamensoppgåver blir vurderte av kvalitetssikringsnemndene, som dekkjer dei mest vanlege programområda. For programområde dei ikkje sjølv dekkjer, skal dei søke å få inn kompetanse utanfor nemnda. Kvalitetssikringsnemnda godkjenner eksamensoppgåvene/gir pålegg om endringar og melder frå til skulane om dette. Rektor har ansvar for at skulen endrar oppgåveforslaga slik at dei er i samsvar med kvalitetssikringsnemnda si tilråding. Skulen sender ein kopi av den endelege oppgåva til leiar i kvalitetssikringsnemnda. Kvalitetssikringsnemnda har dialog med skulane fram til oppgåva er godkjend. Leiar av kvalitetssikringsnemnda for sitt utdanningsprogram er ansvarleg for at det endelege godkjenningsskjemaet sendast til skulen med kopi til eksamenskontoret.

Gjennomføring av yrkesfagleg praktisk eksamen:

1. Generell del som gjeld for alle yrkesfaga:

I tråd med læreplanane for yrkesfaglege utdanningsprogram på Vg2, skal det vere ein lokalt gitt tverrfagleg praktisk eksamen. Praktisk eksamen er ein rammeeksamen som går utover dei 45 minutta som er tidsramma for munnleg-praktisk eksamen. Praktisk eksamen kan omfatte fleire ulike metodar som er nødvendige og formålstenlege for å prøve i kva grad kandidaten har nådd kompetansemål i læreplanen i faget. Praktisk eksamen skal ta utgangspunkt i eller vere knytte til ei kompleks arbeidsoppgåve.

a) Førebuing for lærar og sensor

Utarbeiding av oppgåve

Skulen har ansvar for utarbeiding av oppgåver. Det ligg til læraren sitt arbeidsområde. Om elevane skal ha eksamen på ulike dagar, må det lagast fleire oppgåver, slik at alle får like lang førebuingstid. Skulane sender inn forslag til oppgåvenemndene. I nokre fag vil det bli laga felles eksamensoppgåve for heile fylket.

Oppgåva

Oppgåva kan vere ein situasjonsomtale (case), ein arbeidsordre, eit tema med konkret oppgåve/teikning eller liknande. Kompetansemål frå alle felles programfag skal trekkjast inn i oppgåva/tema. Yrkesfagleg fordjuping (med læreplan frå Vg3 opplæring i bedrift) skal ikkje vere med.

Vurdering

Det skal utarbeidast eit vurderingsskjema som sensor nyttar under eksamen. Skjemaet skal innehalde eksamensnummer for alle kandidatane og ulike område som skal vurderast, til dømes: planlegging, utføring, hygiene, sjølvstende, HMT, vurderingskriterium, m.m.

Sensorar

Sensor 2 skal vere frå ein annan skule, ev. frå arbeidslivet. Kvar skule må sørge for at det er tilstrekkeleg med sensorar for dei enkelte gruppene. For dei fleste faga bør det ikkje vere meir enn 8 kandidatar i kvar gruppe. Ein må sikre at sensorane får observere eleven i praktisk arbeid. Kvar elev skal ikkje ha lengre eksamen enn 5 timar.

Kontakt mellom faglærar og ekstern sensor

Faglærar tar kontakt med sensor normalt to veker før eksamen.

b) Førebuingssdel

Tid

Førebuingstida skal ikkje overstige 48 timar. Laurdag og søndag skal ikkje telje med. Lokalt gitt eksamen som nyttar ein førebuingssdel, må ikkje i eksamineringa erstattast av at elevane berre presenterer produkt frå førebuingstida og i liten grad viser kompetanse under sjølve eksamen. Dersom elevane får eit tema i forkant, må eksamenen bestå i meir enn at eleven presenterer dette.

Læraren sin rolle

Læraren skal vere til stades/tilgjengeleg i delar av førebuingstida. Elevane får ikkje rettleiing, berre svar på tekniske og praktiske spørsmål og forklaring/tolking av oppgåveteksten. Med det meiner ein at eleven kan få hjelp til å nytte tida på ein fornuftig måte, men ikkje hjelp til faglege spørsmål. Det kan vere aktuelt at elevar skal bruke maskiner for å gjere klart materiale o.l. Då må lærar vere til stades.

Sensor si rolle

Sensor er ikkje til stades i førebuingstida.

Arbeidsform under førebuingssdelen

Skulen må bestemme kva alternativ som gjeld, til dømes:

- I kva grad elevane skal arbeide åleine eller i grupper. Om dette ev. er valfritt
- I kva grad dei kan eller skal vere på skulen delar av tida.

Gruppene bør etablerast i god tid før eksamen.

Hjelpemiddel under førebuingssdelen

Alle hjelpemiddel er tillatne.

Resultat av førebuinga

Førebuingssdelen skal normalt ikkje takast med i vurderinga til eksamen. Hovudregelen er at vurderinga skal gjerast på grunnlag av den kompetansen eleven og privatisten viser på sjølve eksamenen, ikkje i forkant. Arbeidet skal vere til hjelp for gjennomføringa og eit grunnlag for individuell eksaminasjon. Til dømes:

- val av råvarer/materiell
- klargjering av materiell
- val og tilrettelegging av verktøy/maskiner
- utarbeiding av planar/skisser
- planlegging og øving på rollespel

c) Eksamen

Med tverrfagleg eksamen meiner ein at eksamen skal dekkje alle programfaga. Eksamen skal organiserast slik at eleven eller privatisten kan få vist kompetansen sin i faget. "Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven eller privatisten slik denne kjem fram på eksamen" (§ 3-25 i forskrift til opplæringslova).

Eksamensform

Eksamensforma må vere utprøvd og kjend før eksamensdagen. Praktisk eksamen skal prøve elevane i praktisk kompetanse i tråd med kompetansemål i læreplanen. Den praktiske utføringa kan vere i gruppe eller individuelt. Sensor vil normalt vere i munnleg dialog med kvar elev. Dette kan delvis skje under den praktiske utføringa. I dei fleste tilfella vil det vere ein munnleg, individuell eksaminasjon/dialog, under og eller etter den praktiske delen. Her vil eleven kunne gjere greie for arbeidet både frå førebuingssdelen og frå eksamensdelen. Eleven vil og få nye spørsmål med utgangspunkt i tema. Nye kompetansemål kan trekkast inn for å sikre breidde i vurderinga.

Tid

Inntil 5 timar.

Hjelpemiddel under eksamen

Elevane har med seg notat frå førebuingssdelen. Utstyr, verktøy og anna som trengst for gjennomføring av eksamen, må vere til stades i eksamenslokalet. Det må vere tydeleg kva som blir venta at elevane ev. sjølv ordnar og tar med.

Vurdering

Den praktiske gjennomføringa skal vurderast i høve til kompetansemål som er knytt til temaet/oppgåva og eleven sine planar/skisser frå førebuingstida. Karakteren for praktisk eksamen blir fastsett på grunnlag av prestasjonen på eksamensdagen.

2. Modellar for dei ulike faga:

I førebuingstida er alle hjelpemiddel tillatne. Her er nemnt hjelpemiddel på sjølve eksamensdagen. Skulane må vurdere bruk av digitale verktøy for kvar enkelt eksamen.

Bygg- og anleggsgfag

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida. Elevane vel sjølv yrke og trekkjer ei praktisk oppgåve frå det valte yrke.

Elevane skal trekkje mellom oppgåver som omfattar dei fleste måla innan dei felles programfaga.

Elevane lagar arbeidsplanar og ev. teikningar, skisser og liknande. Planane skal innehalde utføring, kvalitetssikring, HMT, utstyr og verktøybruk. Planane skal takast med til eksamen. Dei vil fungere som hjelpemiddel til praktisk utføring og utgangspunkt for eksaminasjonen.

Eksamenstid: Inntil 5 timar

Hjelpemiddel på eksamen: Planen frå førebuingssdelen, verktøy, materiell og liknande. Elevane arbeider praktisk på verkstaden/øvingsområdet, sensor går rundt og eksaminerer undervegs. Kompetansemål frå dei andre programfaga vil bli trekt inn i den munnlege høyringa.

Design og handverk

Førebuingssdel

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Hjelpemiddel i førebuingssdelen: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida. Det er ikkje tillate å ta arbeid med heim eller bringe arbeid til skulen.

Elevane får ei praktisk oppgåve der dei planlegg og førebur ein produksjon. Arbeidet går føre seg på skulen og elevane arbeider individuelt i førebuingstida.

Eksamen

- Modell A:

Eksamenstid: 4,5 timar + 30 min til presentasjon og munnleg eksaminasjon.

Hjelpemiddel: Planen og delar av arbeidet frå førebuingssdelen, verktøy, materiell og utstyr.

Elevane får ei spesifikk oppgåve som bygger på arbeidet frå førebuingstida. Eksamensdagen skal nyttast til produksjon og klargjering til presentasjon, og avsluttast med presentasjon og spørsmål frå sensor i høve til oppgåva. Dette kan medføre at elevane startar til eksamen på ulike tidspunkt.

- Modell B:

Eksamenstid: Inntil 5 timar

Hjelpemiddel: Planen og delar av arbeidet frå førebuingssdelen, verktøy, materiell og utstyr.

Eksamensdagen skal nyttast til produksjon. Elevane får ei spesifikk oppgåve som bygger på arbeidet frå førebuingstida. I tillegg til det praktiske arbeidet skal det leverast ei skriftleg grunngeving av idear, prosess, planløyning, materialar, fargeval og vurdering. Sensor er ikkje til stades under eksamen.

- Modell C:

Eksamenstid: Inntil 5 timar.

Hjelpemiddel: Planen og delar av arbeidet frå førebuingssdelen, verktøy, materiell og utstyr.

Elevane får ei spesifikk oppgåve som bygger på arbeidet frå førebuingstida. Eksamensdagen skal nyttast til produksjon, og spørsmål frå sensor i høve oppgåva kan gå føre seg både undervegs og til slutt. Dette kan medføre at elevane startar til eksamen på ulike tidspunkt.

Elektrofag

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Elevane lagar arbeidsplanar og ev teikningar, skisser og liknande. Planane bør innehalde utføring, kvalitetssikring, HMT, utstyr og verktøybruk. Planane skal takast med til eksamen. Dei vil fungere som hjelpemiddel til praktisk utføring og utgangspunkt for eksaminasjonen, men skal ikkje i seg sjølv vurderast.

Eksamenstid: Inntil 5 timar

Hjelpemiddel på eksamen: Planen frå førebuingdelen, verktøy, materiell og liknande

Fleire kandidatar bør kunne prøvast samstundes. Eleven utfører/monterer arbeidet. Det bør innehalde utrekningar og feilsøking. Til slutt utfører eleven sluttkontroll og nødvendig dokumentasjon. Dokumentasjon kan vere utfylling av skjema og arbeidsordre og/eller ei kortfatta skildring/logg for gjennomføring og feilsøking.

Helse- og oppvekstfag

Barne- og ungdomsarbeiderfaget (BUA), Helsearbeidarfaget (HEA) og Ambulansefaget (AMB)

Førebuingstid: Inntil 48 timar.

Eleven får utlevert tema og tverrfagleg situasjonsskildring som er typisk for arbeidskvardagen for yrket. Temaet skal vere av ein slik storleik at eleven får høve til å vise sin kompetanse i ein så stor del av faget som mogleg. Skildringa viser tema for oppgåva – ikkje detaljerte problemstillingar. I dei tilfella det skal leverast plan, må han leverast på førehand, seinast kl. 13.00 dagen før eksamen.

Elevane kan førebu seg i grupper eller individuelt.

Skulen kan gjere avtalar med eksterne markørar eller elevar frå andre klassar. Dersom dette ikkje let seg gjere, kan medelevar vere markørar for kvarandre.

Eksamenstid: Inntil 5 timar. (Minimum 45 min frå eksamen startar for den enkelte elev til han/ho har fått sin karakter)

Hjelpemiddel eksamensdagen: Ingen

På eksamensdagen får elevane ei kompleks arbeidsoppgåve som dei skal demonstrere/utføre. Det er ikkje ein heilt ny situasjon, men ei konkret oppgåve knytt til emnet dei har førebudd seg på. Denne oppgåva skal dei utføre praktisk. Alle elevane skal vise fagarbeidaren si rolle. Det er ikkje nok å vere berre pasient, barn eller hjelpar.

Eleven skal få høve til å vise sin kompetanse frå alle læreplanmål. Dersom ein vel å avgrense talet på mål i førebuingdelen, må det gå klart fram at dette er dei *mest aktuelle* måla, men at elev/sensor har høve til å trekke inn alle måla i læreplanen.

Helseservicefag Vg2

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Elevane får utlevert tema. Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida. Elevane kan førebu seg i grupper eller individuelt.

Eksamenstid: Inntil 5 timar

Elevene får/trekker ei praktisk oppgåve som skal utføres. Deretter har dei munnleg høyring.

Eleven skal få høve til å vise sin kompetanse frå alle læreplanmål. Dersom ein vel å avgrense talet på mål i førebuingdelen må det gå klart fram at dette er dei **mest aktuelle** måla, men at elev/sensor har høve til å trekke inn alle måla i læreplanen.

Fotterapi og ortopediteknikk Vg2 for privatistar

- Førebuingsdel

Førebuingstid: 24-27 timar

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida

Førebuingsdelen blir publisert på heimesida til Eksamenskontoret klokka 9.00 på førebuingdagen.

- Praktisk/skriftleg eksamen

Del 1. Individuell tverrfagleg praktisk prøve i klinikk med klient

Det er berre dei to sensorane som skal vere til stades i eksamenslokalet saman med kandidatane.

Individuell tverrfagleg praktisk prøve i klinikk med klient.

Tidsbruk: inntil 2 timar. Kandidaten får kandidatnummer før den praktiske delen av eksamen startar.

Hjelpemiddel: Ingen hjelpemiddel.

Gjennomføring av eksamen:

- Kandidaten skal bruke kandidatnummeret på all skriftleg dokumentasjon.

- Sensorane fordeler klientane på kandidatane føre eksamen startar.
- Eksamen startar frå kandidaten kjem inn i eksamenslokalet.
- Konsultasjonen skal utførast i samsvar med tema og kompetansemål. Konsultasjonen skal førebuast, gjennomførast og avsluttast. Kandidatane skal rydde etter seg. Dokumentasjonen skal skrivast ferdig før klienten forlèt klinikken.
- For- og etterarbeid er inkludert i eksamenstida, kandidatane skal også rydde etter seg.
- Sensor kan stille spørsmål undervegs.
- Kandidatane skal ikkje skifte klede mellom praktisk og skriftleg del. Dei går rett til skriverom.

Del 2. Individuell skriftleg oppgåve

Tidsbruk: Inntil 1,5 timar

Tillatne hjelpemiddel: Skriftleg dokumentasjon frå praktisk del av eksamen

Oppgåve: Gjere greie for og grunngje viktige val kandidaten har gjort i konsultasjonen. Til dette skal kandidaten bruke dokumentasjon frå konsultasjonen og relevant teori frå helsefremjande arbeid, yrkesutøving og kommunikasjon og samhandling.

- **Vurdering**

Eksamenskarakteren blir fastsett på individuelt grunnlag og gir uttrykk for kompetansen til privatisten slik han kjem fram på eksamen, jf. §3-25 i forskrift til opplæringslova.

Fotterapi Vg3 for privatistar

- **Førebuingsdel**

Førebuingstid: 24-27 timar

Førebuingsdelen blir publisert på heimesida til Eksamenskontoret klokka 9.00 på førebuingdagen. Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

- **Praktisk/skriftleg eksamen**

Del 1. Individuell tverrfagleg praktisk prøve i klinikk med klient

Det er berre dei to sensorane som skal vere til stades i eksamenslokalet saman med kandidatane.

Tidsbruk: inntil 2 timar. Kandidaten får kandidatnummer før den praktiske delen av eksamen startar.

Hjelpemiddel: Ingen hjelpemiddel

Gjennomføring av eksamen:

- Kandidaten skal bruke kandidatnummeret på all journalen og all annan dokumentasjon.
- Sensorane fordeler klientane på kandidatane føre eksamen startar.
- Eksamen startar frå kandidaten kjem inn i eksamenslokalet.
- Behandlinga skal utførast i samsvar med tema og kompetansemål. Behandlinga skal førebuast, gjennomførast og avsluttast. Kandidatane skal rydde etter seg. Journalkort og eventuell annan dokumentasjon skal skrivast ferdig før klienten forlèt klinikken.
- For- og etterarbeid er inkludert i eksamenstid.
- Sensor kan stille spørsmål undervegs.
- Kandidatane skal ikkje skifte klede mellom praktisk og skriftleg del. Dei går rett til skriverom.

Del 2. Individuell skriftleg oppgåve

Tidsbruk: Inntil 1,5 timar

Tillatne hjelpemiddel: Skriftleg dokumentasjon frå praktisk del av eksamen

Oppgåve: Gjere greie for og grunngje viktige val kandidaten har gjort i behandlinga. Til dette skal kandidaten bruke dokumentasjon frå konsultasjonen og relevant teori frå helsefremjande arbeid, yrkesutøving og kommunikasjon og samhandling.

- **Vurdering**

Eksamenskarakteren blir fastsett på individuelt grunnlag og gir uttrykk for kompetansen til privatisten slik han kjem fram på eksamen, jf. §3-25 i forskrift til opplæringslova.

Helsesekretær Vg3

Førebuingstid: 48 timar

Elevane får tema

Eksamenstid: 60 minutt

Elevane får/trekker caseoppgåve, og førebuar seg inntil 15 minutt. Deretter munnleg høyring, relevant for caseoppgåva, ca. 10 minutt. Deretter skal elevane utføre praktisk helsesekretærarbeid, ca. 15minutt. På datarommet gjer ein deretter skriftleg kontorarbeid relevant for tema (maks. 20 min.).

Eleven skal få høve til å vise sin kompetanse frå alle læreplanmål. Dersom ein vel å avgrense talet på mål i førebuingdelen må det gå klart fram at dette er dei mest aktuelle måla, men at elev/sensor har høve til å trekkje inn alle måla i læreplanen.

Hudpleie Vg2 og Hudpleiar Vg3 for elevar

Førebuingstid: 24 timar

Elevane trekker tema, og får oppgitt dei mest aktuelle læreplanmåla. Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida. Eleven må ha tilgang til klinikk i delar av førebuingstida.

Eksamenstid: Inntil 5 timar

Eleven har til rådighet to timar til behandling av kunde, utfylling av journalkort og opprydding etter behandling. Deretter blir det gjennomført individuell munnleg eksaminasjon, ca. 20 minutt med utgangspunkt i tema og behandling av kunde.

Hjelpemiddel ved munnleg: Journalkort

Eleven skal få høve til å vise sin kompetanse frå alle læreplanmål. Dersom ein vel å avgrense talet på mål i førebuingdelen, må det gå klart fram at dette er dei mest aktuelle måla, men at elev/sensor har høve til å trekkje inn alle måla i læreplanen.

Hudpleie, Vg2 (HUD2004) for privatistar

- Førebuing: Ingen førebuing
- Praktisk/skriftleg eksamen

Tema: Andletsbehandling

Del 1. Individuell tverrfagleg praktisk prøve i klinikk med klient

Det er berre dei to sensorane som skal vere til stades i eksamenslokalet saman med kandidatane. Individuell tverrfagleg praktisk prøve i klinikk med klient.

Tidsbruk: inntil 2 timar. Kandidaten får kandidatnummer før den praktiske delen av eksamen startar.

Hjelpemiddel: Ingen hjelpemiddel.

Gjennomføring av eksamen:

- Kandidaten skal bruke kandidatnummeret på all skriftleg dokumentasjon.
- Sensorane fordeler klientane på kandidatane føre eksamen startar.
- Eksamen startar frå kandidaten kjem inn i eksamenslokalet.
- Konsultasjonen skal utførast i samsvar med tema og kompetansemål. Konsultasjonen skal førebuaast, gjennomførast og avsluttast. Kandidatane skal rydde etter seg. Dokumentasjonen skal skrivast ferdig før klienten forlèt klinikken.
- For- og etterarbeid er inkludert i eksamenstida, kandidatane skal også rydde etter seg.
- Sensor kan stille spørsmål undervegs.
- Kandidatane skal ikkje skifte klede mellom praktisk og skriftleg del. Dei går rett til skriverom.

Del 2. Individuell skriftleg oppgåve

Tidsbruk: Inntil 1 time

Tillatne hjelpemiddel: Kunden sitt journalkort, læreplan vg2 hudpleie

Oppgåve: Gjere greie for og grunngje viktige val kandidaten har gjort i konsultasjonen. Til dette skal kandidaten bruke dokumentasjon frå konsultasjonen og relevant teori frå helsefremjande arbeid, yrkesutøving og kommunikasjon og samhandling.

- Vurderingskriterium og sensorrettleiing

Praktisk del

Sensor vurderer

- Ferdig oppdekking
- Mottaking
- Personleg hygiene og klinikkhygiene i samband med behandlinga

- Korleis kandidaten kommuniserer og rettleiar kunden undervegs i behandlinga
- Bruka av apparat og produkt
- Om behandlinga står i forhold til kunden sine behov og ønske
- Disponering av tid
- Heilskapsinntrykk

Behandlinga skal utførast etter prosedyrar som er gitte i følgje læreplan, lærebok og opplæring.

Det blir særleg lagt vekt på:

- Ferdigheiter i grunnleggande behandling
- At kunden får best mogleg behandling i forhold til behov om ønske

Skriftleg del

Eksamenssvaret skal vise at eleven ser heilskap i yrket ho utdannar seg til. Derfor skal vala som blir gjort i løpet av behandlinga grunnjevast med teori frå alle studieretningsfaga (Yrkesfagleg fordjuping/prosjekt til fordjuping skal ikkje vere med):

- Yrkesutøving: mål som passar til behandlinga
- Helsefremjande arbeid: mål som passar til behandlinga
- Kommunikasjon og samhandling: mål som passar til behandlinga

Det blir særleg lagt vekt på:

- Grunngeving av viktige val under behandlinga
- Evne til å bruke teori
- Om praktisk og teoretisk del stemmer overeins

Eksamenskarakteren blir fastsett på individuelt grunnlag og gir uttrykk for kompetansen til privatisten slik han kjem fram på eksamen, jf. §3-25 i forskrift til opplæringslova.

Vg3 hudpleiar (HUD3004) for privatistar

• Førebuingssdel

Førebuingstid: 24 til 27 timar

Tillatne hjelpemiddel: Alle

Trekke behandling: Kandidaten skal trekke mellom behandlingane som er lista opp under. Elevane har resten av førebuingssdagen til disposisjon. Det er ikkje lov til å øve på behandlinga i klinikken denne dagen.

Desse behandlingane kan trekkast:

- Epilasjon
- Depilasjon
- Andletsbehandling med spesialbehandling
- Kroppsbehandling med spesialbehandling
- Kroppsmassasje
- Manikyr med lakk og spesialbehandlingar
- Pedikyr

• Eksamensdag: Praktisk/skriftleg eksamen

Del 1. Individuell tverrfagleg praktisk prøve i klinikken med kunde

Det er berre dei to sensorane som skal vere til stades i eksamenslokalet saman med kandidatane.

Tillatne hjelpemiddel: Ingen

Tidsbruk: tid til praktisk prøve er ca. 2 timar, avhengig av kva behandling som blir utført. Kandidaten får kandidatnummer før den praktiske delen av eksamen startar.

Gjennomføring: Kandidaten skal bruke kandidatnummeret på kundekortet. Kunden sitt namn skal ikkje skrivast på kundekortet. Sensor fordeler kundane på privatistane før eksamen startar.

- Sensuren startar når kunden kjem
- Behandlinga skal førebuaast, gjennomførast og avsluttast. Kandidatane skal rydde etter seg.
- Behandlinga skal utførast etter prosedyrar som er gitte i følgje læreplan, lærebok, produktmanualar og opplæring.
- Sensor kan stille spørsmål undervegs.

- Kunden sitt journalkort skal skrivast ferdig før kandidaten forlèt klinikken og skal takast med til skriftleg del. Kandidatane skiftar ikkje klede mellom praktisk og skriftleg del. Dei går rett til skriverom

Del 2. Individuell tverrfagleg skriftleg oppgåve

Tidsbruk: 1 time

Tillatne hjelpemiddel: Kunden sitt journalkort, læreplan Vg3 hudpleie

Oppgåve: Gjere greie for og grunngje viktige val du har gjort i behandlinga. Til dette brukar du analysen og konsultasjonen og relevant teori får helsefremjande arbeid, yrkesutøving og eventuelt kommunikasjon og samhandling.

• Vurderingskriterium og sensorrettleiing

Praktisk del

Sensor vurderer:

- Ferdig oppdekking
- Mottaking
- Personleg hygiene og klinikkhygiene i samband med behandlinga
- Korleis kandidaten kommuniserer og rettleiar kunden undervegs i behandlinga
- Bruka av apparat og produkt
- Om behandlinga står i forhold til kunden sine behov og ønske
- Disponering av tid
- Heilskapsinntrykk

Behandlinga skal utførast etter prosedyrar som er gitte i følgje læreplan, lærebok og opplæring.

Det blir særleg lagt vekt på:

- Ferdigheiter i grunnleggande behandling
- At kunden får best mogleg behandling i forhold til behov om ønske

Skriftleg del

Eksamenssvaret skal vise at eleven ser heilskap i yrket ho utdannar seg til. Derfor skal vala som blir gjort i løpet av behandlinga grunngjevast med teori frå alle studieretningsfaga:

- Yrkesutøving: mål som passar til behandlinga
- Helsefremjande arbeid: mål som passar til behandlinga
- Kommunikasjon og samhandling: mål som passar til behandlinga

Det blir særleg lagt vekt på:

- Grunngjeving av viktige val under behandlinga
- Evne til å bruke teori
- Om praktisk og teoretisk del stemmer overeins

Eksamenskarakteren blir fastsett på individuelt grunnlag og gir uttrykk for kompetansen til privatisten slik han kjem fram på eksamen, jf. § 3-25 i forskrift til opplæringslova.

Apotekteknikk Vg3

Førebuingstid: 48 timar

Elevane trekkjer tema. Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamenstid: Inntil 5 timar

Eksamen er tverrfagleg, praktisk og munnleg, med oppgåver som ein apotekteknikar kan møte i eit apotek. Eleven skal vise kunnskapar og dugleik i å planleggje arbeid, velje metodar, utføre og dokumentere arbeidet. Skulen har alle relevante hjelpemiddel og handbøker. Eleven treng ikkje ta med seg særskilde hjelpemiddel eller utstyr.

Eleven skal få høve til å vise sin kompetanse frå alle læreplanmål. Dersom ein vel å avgrense talet på mål i førebuingsdelen må det gå klart fram at dette er dei **mest aktuelle** måla, men at elev/sensor har høve til å trekkje inn alle måla i læreplanen.

Tannhelsesekretær Vg3

Førebuingstid: 48 timar

Elevane trekkjer tema. Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamenstid: Inntil 5 timar

Eksamen er tverrfagleg praktisk og munnleg, med oppgåver som ein tannhelsesekretær kan møte i sitt yrke. Eleven skal vise kunnskapar og dugleik i å planleggje arbeid, velje metodar, utføre og dokumentere arbeidet. Skulen har alle relevante hjelpemiddel og handbøker. Eleven treng ikkje ta med seg særskilde hjelpemiddel eller utstyr.

Eleven skal få høve til å vise sin kompetanse frå alle læreplanmål. Dersom ein vel å avgrense talet på mål i førebuingdelen må det gå klart fram at dette er dei **mest aktuelle** måla, men at elev/sensor har høve til å trekkje inn alle måla i læreplanen.

Medium- og kommunikasjon

Førebuingstid: 48 timar

Elevane får eit case som er relevant i høve til den tverrfaglege praktiske eksamen. Eleven førebur ein praktisk produksjon frå kl. 09.00 den første dagen og leverer kl. 15.00 den andre dagen etter avtale med faglærar. Elevane kan arbeide enkeltvis eller i grupper. Faglærar skal vere tilgjengeleg for praktiske spørsmål. Alle hjelpemiddel er tillatne.

Eksamenstid: Inntil 5 timar – Todelt

Del 1 av eksamen er ei praktisk oppgåve (enkeltvis eller i gruppe) med utgangspunkt i førebuingscaset. Faglærar og sensor vil observere og kan stille spørsmål undervegs.

Del 2 er ein presentasjon av arbeidet som er utført på eksamensdagen, der eleven skal forsvare prosess og produkt. Den munnlege presentasjonen går over i ein samtale mellom elev, faglærar og sensor. Eleven kan i tillegg bli høyrte i teoretiske emne som naturleg høyrer til i oppgåva sitt tema. Del 2 kan vare inntil 20 minutt. Alle kompetansemål kan bli trekte inn.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne med unntak av internett og andre verktøy som tillet kommunikasjon. Ved praktiske gruppeoppgåver kan elevane kommunisere med kvarandre. Under del 2 av eksamen har eleven høve til å bruke eit presentasjonsverktøy med stikkord.

Naturbruk

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Elevane får utdelt ei oppgåve som er ei situasjonsskildring (case) med kompetansemål. Situasjonsskildringa er tverrfagleg og skal danne utgangspunkt for eksamen.

I førebuingstida skal eleven setje seg inn i korleis han/ho vil løyse oppgåva. Alle hjelpemiddel er tillatne.

Eksamenstid: Inntil 5 timar

Her skal eleven gjere greie for og vise korleis han/ho vil løyse oppgåva. I tillegg skal eleven trekkje oppdrag der han/ho skal vise i praksis korleis han utfører det. Den praktiske gjennomføringa kan skje i gruppe eller individuelt. I løpet av eksamenstida skal faglærar/sensor observere det eleven gjer og eksamen blir avslutta med ei munnleg individuell utspørjing på inntil 20 min. Elevane kan ha tilgang til PC under eksamen.

Hjelpemiddel til eksamen: Notat frå førebuingstida. PC utan tilgang til internett eller annan kommunikasjon.

Restaurant- og matfag

Kokk/servitør

Maksimalt 6 elevar per gruppe/sensor. Ved gruppeeksamen skal det vere maksimalt 3 elevar i kvar gruppe.

Førebuingstid: 24 timar

Individuell- eller gruppeoppgåve.

Elevane får utlevert tema, situasjonsbeskrivelse og råvareliste, saman med kompetansemål og vurderingskriteria. Dei planlegg ein meny med drikkevarar, råvareliste, køyreplan og arbeidsplan, ev. utrekingar. Dei førebur seg saman om det er gruppeeksamen. Innlevering etter skuleslutt (kl. 15.00) dagen før eksamen.

Eksamenstid: 5 timar,

Elevane skal lage mat, dekke og servere ut frå gitte læremål og eigen plan. Ved gruppeeksamen vel eleven si rolle ut i frå sitt valde yrke. Sensor spør undervegs og etterpå ut frå innlevert plan og prestasjonar.

Matfag

Førebuingstid: 24 timar

Gruppe- eller individuell oppgåve.

Elevane får utdelt kompetansemål for eksamen, råvareliste med tilgjengelege råvarer i samsvar med eleven sitt valde yrke, vurderingskriterium og anna materiell som plakatar og kalkyleskjema som kan inngå i oppgåva. Deler av oppgåva kan planleggjast med reseptar, råvarer og produksjonsprosessar.

Alle hjelpemiddel tillatne i førebuingstida

Eksamenstid: 5 timar

Hjelpemiddel til eksamen: Arbeid innlevert frå planleggingsdagen.

Elevane får utlevert konkrete oppgåver knytt til kompetansemål utlevert på førebuingdagen. Elevane ferdigstiller reseptar og produksjonsmetodar og gjennomfører aktivitetane. Plakatar og kalkylar skal leggast fram dersom dette inngår i oppgåva.

Ferdige produkt skal setjast fram for vurdering.

Sensor kan stille spørsmål undervegs frå læreplanen i faga.

Service og samferdsel

Sal, service og tryggleik

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Elevane får delt ut oppgåve som er ein situasjonsskildring (case) med kompetansemål. Situasjonsskildringa er tverrfagleg og skal danne utgangspunktet for eksamen. I førebuingstida skal eleven setje seg inn i situasjonsskildringa og gjere førebuande arbeid. Eleven kan få spørsmål i andre kompetansemål frå læreplanen som kan knytast til oppgåva. Alle hjelpemiddel er tillatne.

Eksamen: Inntil 5 timar – minimum 3 timar

Eleven skal løyse ei praktisk oppgåve individuelt med utgangspunkt i førebuingdelen (2,5 time)

Deretter skal eleven gjere greie for og vise korleis han/ho har løyst oppgåva (maks 15 min). Eksamen blir avslutta med ein munnleg, individuell dialog på inntil 20 minutt. Eleven skal ha tilgang til PC under eksamen.

Hjelpemiddel: Eleven har med seg notat frå førebuingdelen. Utstyr, verktøy og anna som eleven treng for gjennomføring av eksamen må vere tilstades i eksamenslokalet. Det skal ikkje vere tilgang til internett eller annan kommunikasjon.

Reiseliv

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Elevane kan førebu seg i grupper på 2-3 elevar eller individuelt (valfritt for skulane).

Elevane får utdelt oppgåve som er ei situasjonsskildring (case) med kompetansemål. Situasjonsskildringa er tverrfagleg og skal danne utgangspunkt for eksamen. I førebuingstida skal eleven setje seg inn i korleis han vil løyse oppgåva.

Eksamen: Inntil 5 timar, der inntil 3 timar er praktisk arbeid, 15 minutt til presentasjon og 20 minutt til utspørjing. Eleven får oppdrag i forhold til caset der ho/han skal vise i praksis korleis han utfører det. I løpet av eksamenstida skal faglærer/sensor observere det eleven gjer. Her skal eleven gjere greie for og vise korleis han vil løyse oppdraga. Eksamen blir avslutta med ein presentasjon av oppdraga som er utførte og deretter munnleg individuell utspørjing på inntil 20 min., der eleven får utdjupe oppdraga og sensor kan stille spørsmål.

Hjelpemiddel: Elevane skal ha tilgang til PC under eksamen. Alle nødvendige hjelpemiddel er tillatne unntatt kommunikasjon.

IKT – servicefag

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Eleven får ein situasjonsomtale med konkrete arbeidsoppgåver.

Eleven må førebu seg på alle programfaga og vil på eksamensdagen få emner frå desse til munnleg høyring.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne

Eksamenstid: Inntil 5 timar

Eleven utfører praktisk oppgåve med utgangspunkt i førebuingdelen. Eleven presenterer oppgåva. I munnleg høyring skal eleven svare på spørsmål knyta til den trekte oppgåva og resten av pensum i IKT-servicefaget.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne med unntak av internett og kommunikasjon.

Transport og logistikk

Førebuingstid: 48 timar

Elevane får delt ut oppgåve som er ei situasjonsskildring (case) med kompetansemål. Situasjonsskildringa er tverrfagleg og skal danne utgangspunktet for eksamen. I førebuingstida skal eleven setje seg inn i korleis han/ho vil løyse oppgåva.

Eksamenstid: Inntil 5 timer.

Her skal eleven gjere greie for og vise korleis han vil løyse oppgåva. I tillegg skal eleven trekkje opp- drag der han skal vise korleis han i praksis skal utføre det. I løpet av eksamenstida skal faglærer/sensor observere det eleven gjer. Eksamen blir avslutta med ei munnleg, individuell utspørjing på inntil 20 minutt. Eleven skal ha tilgang til PC under eksamen.

Hjelpemiddel: Elevane skal ha tilgang til PC under eksamen. Alle nødvendige hjelpemiddel er tillatne unntatt kommunikasjon.

Teknikk og industriell produksjon

Industrieteknologi

Førebuingstid: 48 timar

Elevane lagar arbeidsplanar, og ev teikningar, skisser og liknande. Planane skal innehalde utføring, kvalitetssikring, HMT, utstyr og verktøybruk. Planane skal takast med til eksamen. Dei vil fungere som hjelpemiddel til praktisk utføring og utgangspunkt for eksaminasjonen.

Eksamenstid: Inntil 5 timer

Hjelpemiddel: Planen frå førebuingssdelen, verktøy, materiell og liknande

Fleire verkstader kan takast i bruk, elevgruppene har ulike oppgåver avhengig av kva verkstad dei er på. Kvar verkstad har lærar til stades, sensor går rundt og observerer/stiller spørsmål om prosessen.

Køyretøy

Førebuingstid: Inntil 48 timar

Eksamenstid: 5 timar praktisk på verkstad.

Hjelpemiddel: Planen frå førebuingssdelen, verktøy, materiell og liknande

Eksamen: Elevane arbeider praktisk på verkstaden, ulike stasjonar med ulike oppgåver. Sensor går rundt og evaluerer arbeidet undervegs.

Kjemi og Prosess

Førebuingstid: 48 timar

Elevane får utlevert eit tema for eksamensoppgåva. I førebuingstida kan kandidaten jobbe med sin eigen presentasjon av det kjente temaet, og med tema gitt i den ukjente delen. Dei kan ta notat, teikne flytskjema og figurar, og svare på problemstillingar i høve til tema.

Eksamenstid: Inntil 45 minutt

Eksaminasjonen er todelt:

1. Presentasjon av det kjente temaet og eventuell eksaminasjon
Det er sett av ei totaltid på 20 minutt til eleven sin eigen presentasjon, og til eksaminasjon av denne.
2. Breiddeeksaminasjon av ukjent tema
Kandidaten svarar på spørsmål frå eksaminator innan dei ulike faga. Spørsmåla er retta mot området det ukjente temaet retter seg mot. Utspørjinga tar om lag 20-30 minutt. I eksaminasjonen kan kandidaten vise og forklare figurar, bruke tabellar og skjema, og eventuelt forklare prinsipp ved utstyr medbrakt av eksaminator.

10. Tverrfagleg privatisteksamen på vg1 yrkesfag

Ramme

- Tverrfagleg munnleg-praktisk
- Alle kompetansemåla i læreplanen for programfaga

Førebuing

- Førebuingstid: 45 minutt
- Kandidaten får utlevert tema og kjenneteikn på måloppnåing.
- Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt internett og andre verktøy som tillèt kommunikasjon.
- Arbeid i førebuingstida er ikkje med i vurderingsgrunnlaget.

Eksamenstid

- Eksamenstid: 45 minutt
- Kandidaten får utdelt ein tverrfagleg case som kan relaterast til praksisfeltet. Denne oppgåva inneheld ein praktisk del som skal gjennomførast. I tillegg til den praktiske delen skal kandidaten gjere greie for tema i casen i ein samtale med eksaminator og sensor.
- Kandidat/sensor har høve til å trekke inn alle måla i læreplanen.
- Notatark får førebuingstida er tillate å bruke under eksaminasjonen.

11. Klagehandsaming

Kapittel 5 i forskrift til opplæringslova handlar om klage på karakter og inneheld reglane for korleis klage på karakter skal handsamast. Å fastsetje ein eksamenskarakter er eit enkeltvedtak og gir difor eleven klagerett. Den som har klagerett, skal opplysast om klageretten, om kva klagen skal innehalde og om klagefrist. Eleven har rett til innsyn i saka sine dokumenter, retningslinjene for sensor og grunngeving av karakteren etter [§ 5-7](#).

Fristen for å klage på eksamenskarakteren er 10 dagar, jf. [§ 5-5](#). Fristen for å klage blir rekna frå det tidspunktet meldinga om vedtak er komen fram til den som har klagerett, eller når den som har klagerett burde ha gjort seg kjend med vedtaket. Fristen blir avbroten når den som har klagerett, ber om grunngeving for vedtaket (gjeld ikkje skriftleg eksamen, jf. [§ 5-7](#)). Fristen går vidare frå det tidspunktet klagaren har mottatt denne grunngevinga. Klagen skal sendast til skulen.

Ein elev som klagar på eksamenskarakteren sin, må gi skulen skriftleg melding med underskrift, jf. [§ 5-6](#).

Klagehandsaming ved skriftleg eksamen

Klage på karakter: Skulen registrerer klagen i PAS. Klagenemnda avgjer om karakteren er urimeleg og skal endrast opp eller ned.

Klage på formelle feil: Skulen innhentar uttalar, eventuelt skriv uttale sjølv dersom skulen er part i klagen. Klagen og uttalane skal sendast til klagenemnda for formelle feil. Dersom eleven får medhald i klagen, skal eksamensresultatet annullerast og eleven får gå opp til ny eksamen.

Klagehandsaming ved munnleg eksamen

Ved munnleg eksamen er det berre høve til å klage på formelle feil "...som kan ha noko å seie for resultatet" etter [forskrift til opplæringslova § 5 – 10](#). Det er ikkje høve til å klage på sensor si vurdering av eleven sin kompetanse. Formelle feil kan til dømes vere:

- at eksamensoppgåva ikkje er innafor kompetansemål i læreplanen
- at eleven vert vurdert i høve til innsats i staden for kompetanse
- urimelege avbrot og forstyrring

Rektor innhentar skriftlege uttalar frå eksaminator og sensor, skriv sin eigen uttale og sender den innsende klagen med vedlegga over til den klagenemnda som har fått sin mynde frå fylkestinget. Følgjande sakspapir skal følgje klagesaka vidare til klageinstansen:

- Eleven sin klage
- Uttale frå sensor
- Uttale frå eksaminator
- Uttale frå rektor
- Eventuelle kommentarar frå eleven til dei nemnde uttalane

Dersom klagaren får medhald i klagen ved munnleg eksamen, skal karakteren annullerast og klagaren har rett til å gå opp til ny eksamen. Dersom klagaren vel å gå opp til ny munnleg eksamen, skal prøvesvaret bedømmast av ein ny sensor. Gjeld klagen prøve i trekkfag, skal det trekkjast fag på ny. Eleven skal få melding om faget med same frist som ved ordinær prøve, jf. [§ 5-10](#).

Klagehandsaming ved praktisk eksamen og munnleg-praktisk eksamen

Ved eksamen der det ikkje ligg føre dokumentasjon som kan vurderast av ei klagenemnd, gjeld reglar og prosedyrar som ved munnleg eksamen, jf. [§ 5-11](#).

Dersom eksamen resulterer i dokumentasjon som kan vurderast fagleg av ei klagenemnd, gjeld reglar og prosedyrar som ved skriftleg eksamen, jf. [§ 5-9](#).

Vedlegg 1

Kommentarar til retningslinjene om munnleg eksamen (kap. 5)

Sensorar og faglærarar sine oppgåver før eksamen

- Faglærar og sensor får melding normalt to veker før eksamen.
- Alle lokale vedtekne reglar og retningslinjer skal leggjast ved oppnemninga.
- I fag der det er naturleg, kan det leggjast ved lærestoffliste eller andre oversikter som viser kva elevane har arbeidd med.
- Faglærar tar straks kontakt med ekstern sensor. Dersom ekstern sensor ikkje vert kontakta, må han/ho sjølv kontakte faglærar eller eksamensskulen innan to dagar.
- Faglæraren har plikt til å utarbeide forslag til eksamensoppgåver. I rundskriv Udir 2-2014 står det: «Med eksamensoppgaver menes her de temaene eller problemstillingene som eleven skal presentere, samt de spørsmålene eller problemstillingene som vil være gjenstand for eksamineringen etter elevens presentasjon». Dersom dei to sensorane er ueinige om kva eleven skal prøvast i, er det den eksterne sensoren som bestemmer.

48 timar før eksamen

Kva skal elevane gjere mellom 48 timar og 24 timar før eksamen?

Det er leiinga ved skulen som avgjer kva innhald og aktivitetar elevane skal ha denne skuledagen. Faglærar treng ikkje å vere skjerma for andre oppdrag t.d. sensoroppdrag denne dagen.

24 timar før eksamen - førebuingssdel

- *Korleis skal tema/problemstilling fordelast til elevane?*
Skulen skal sørge for at tildeling av tema/problemstilling vert gjort på ein måte som sikrar mest mulig likebehandling. Ein god praksis er at elevane trekkjer tema/problemstilling.
- *Er det eit tema eller ei problemstilling eleven skal få utdelt?*
I rundskriv Udir 2-2014 står det at eleven skal få utdelt eit tema eller ei problemstilling å arbeide med på førebuingssdagen. Her vert det understreka at det ikkje er eit absolutt skilje mellom tema og problemstilling og at det ikkje er noko i vegen for at elevane får eit tema med ei tilhøyrande problemstilling eller ei problemstilling som avgrensast av eit tema.
- *Må elevane sin eigen faglærar vere tilstade på skulen førebuingssdagen?*
Skulen bør skjerme faglærar for andre sensoroppdrag denne dagen. Elevane skal ha tilgang på ein faglærar og dette bør vere faglæraren til eleven.
- *Kan ein elev som ikkje møter til førebuingssdagen likevel møte til eksamen?*
Elevar som ikkje møter på førebuingssdagen, får vanleg fråvær. Det er ikkje heimel for å nekte elevar å møte til eksamen av den grunn. Elevar som er sjuke på førebuingssdagen, kan dersom dei har loveleg dokumentert fråvær, ha rett til utsatt eksamen etter reglane i forskrift til opplæringslova § 3-35. Elevane kan likevel velje å gå opp til eksamen dersom dei ønskjer det, sjølv om han eller ho har vore sjuk på førebuingssdagen.

Eksamen

- *Kan eleven nytte notata frå førebuingssdelen under heile eksamen eller berre under presentasjonen?*
Dei notata eleven kan ta med til eksamen er knytt opp mot eleven sin presentasjon. Det er ikkje noko i vegen for at eleven kan bruke notata for å vise døme under heile eksamen. Dette kan t. d. vere at eleven viser til ein lovparagraf, viser til eit kart eller ein modell i forklaringa si.
- *Kan lyttetekstar brukast til munnleg eksamen i engelsk og framandspråk?*
Skulane vel sjølv om dei vil bruke lyttetekstar/lytttemateriell til munnleg eksamen. Desse kan vere ein del av førebuingssmaterialet (som elevane får 24 timar før eksamen) og/eller inngå i sjølve eksamen (som varar inntil 30 minutt, jf. forskrift til opplæringslova § 3-29 og 3-30). Vi tilrår at lærarane i engelsk og framandspråk deltek på fagnettverket for framandspråk sine eksamensseminar slik at ein kan utveksle erfaringar om god praksis i bruk av lyttetekstar/lytttemateriell.

- *Kan sensor trekke inn nye tema/problemstillinger i eksaminasjonen som ikke har sammenheng med utdelt tema/problemstilling i førebuingdelen?*
«Under eksamen kan kandidaten prøvast i flere relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av ein eventuell førebuingssdel» (Forskrift til opplæringslova § 3-30). Det er ein føresetnad at utdelte tema/problemstillinger i førebuingssdelen gjev eit godt grunnlag for å vurdere eleven sin kompetanse i faget. «Temaet/problemstillingen eleven har forberedt skal være utgangspunkt for eksamineringen. Dette innebærer at temaet/problemstillingen må være tilstrekkelig omfattende til at det vil være naturleg å trekke inn flere deler av læreplanen under selve eksamineringen. Hensikten er at eleven får mulighet til å vise sin kompetanse i så stor del av faget som mulig.» (Rundskriv Udir-2-2014).

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no